

# Sommarnummer!

Med bilete av alle konfirmantane i prestegjeldet

Andakt: "Kan eg stole på løftet?"

Kyrkjeferd for 75 år sidan, av Johannes Haugen

Karsten Isachsen kjem til Dale kyrkje 1. september

Konfirmantbilete

Skal du til utlandet? Finn sjømannskyrkja!

Frå Vaksdal til verdas tak, Vaksdal sitt misjonsengasjement i Nepal

Har du hagen full av rips?  
- Kan du gje bort litt?

Ei orgelpipe på peisen?  
Frå orgelnemnda på Eidsland

Nytt frå kyrkjeverja



Foto: Jahn Olav Nordheim

**KONFIRMANTAR I EKSINGEDALEN KYRKJE 30.MAI**

**Frå venstre:** Simon Flatekval, Janne Helen Furevikstrand, Torstein Brønstad og kapellan Edvard Bø

## VAKSDAL PRESTEGJELD

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post: [kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no)

#### Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl. 10.30-13.30

### Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobil tlf. 95 97 99 05

e-post:

[kyrkjevevje@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevje@vaksdal.kyrkja.no)

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

[soknepresten@vaksdal.kyrkja.no](mailto:soknepresten@vaksdal.kyrkja.no)

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobil tlf 90 19 65 14

e-post: [frode.kvamsoe@c2i.net](mailto:frode.kvamsoe@c2i.net)

### Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobil tlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: [kapellanen@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kapellanen@vaksdal.kyrkja.no)

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: [steinkopf@c2i.net](mailto:steinkopf@c2i.net)

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

## Til sæters !

Det gamle uttrykket frå eventyret om bukkane bruse er velkjent. Dei skulle til sæters for å gjere seg feite, på frodig gras og bær av alle slag.

I våre dagar er nok fjellturen naudsynt av heilt andre grunnar. Maten har ein med i ryggsekken, og kan hende finst det til og med eit lite ekstra lager på sidebeina.

I sommar har ein kunna vandre til fjells i godt selskap, utan stort andre suter enn for våte joggesor og myggstikk.

Vassbakkenstemna ved Vikavatnet,

Fitjivasstemna på fjellet mellom

Samnanger og Vaksdal ,

Støls gudsteneste på Brekkestølen, og

Dalastemna mellom Flatekval og Modalen

gjev deg mosjon, trivnad, og høve til å

høyre eit gudsord.

Sutalaust, uformelt, og sunt.

Ta gjerne ein tur ein annan dag og.

God Sommar!

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avg.fritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

#### Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

#### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

#### Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.

### STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret  
innan 1.sept.

Neste nummer kjem ut i september

### FERIE PÅ KYRKJEKONTORET

Kyrkjekontoret er stengt i veke 31 og 32.

Ein kan venda seg til sokneprest Kvamsøe  
på telefon 90 19 65 14

# Kan eg stole på løftet?

*Preiketekst: Johannes 14, 15 – 21:  
"Elskar de meg, så held de boda mine. Då vil eg be Faderen, og han skal gje dykk ein annan talsmann som skal vera hjå dykk for alltid: Sanningsanden. Verda kan ikkje ta imot han, for ho ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han; for han bur hjå dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldrelause born; eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva. Den dagen skal de skjønna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk. Den som har boda mine og held dei, han er det som elskar meg. Og den som elskar meg, han skal Far min elska. Eg òg skal elska han og openberra meg for han."*

Klart eg kjem!

Sjølvsagt skal eg vere presis!

Ja, eg skal vere med deg å sjå på ei ny bukse etter arbeidstid i dag. Eg lovar, på ære og samvit!

Løfte er noko både barn og vaksne godt veit kva er. Vi lovar å kome presis til avtalar, møte opp på fotballtrening, handle brød og mjølk på veg heim frå jobben. Vi lovar alle saman noko kvar dag og kvar veke. Ikkje alt vi lovar, er like lett å halde. Kanskje vart arbeidsdagen meir stressa enn du trudde då du gav løfte til barna om morgonen, og desse løfta vart vanskelege å halde.

Både barn og vaksne har gjort seg smertefulle røymsler ved løftebrot. Det som var lova, vart ikkje innfridd. Dette kan vere små

ting som å gløyme å kjøpe mjølk på veg heim frå arbeid. Eller det kan vere meir dramatiske ting – som samlivsbrot. Løftet om truskap livet ut vart vanskeleg å halde. Eit slikt løftebrot kan vere vanskeleg å takle både for vaksne og barn.

Løfte har noko med tryggleik å gjere. Ein stolar på at det som blir lova, blir halde. I bibelteksten i dag snakkar Jesus om tida etter at han har forlate jorda. I samband med det gjev han eit løfte til læresveinane sine og alt Guds folk. Han visste at dei ville føle seg veldig hjelpelause og åleine, vonbrotne og mismodige etter at han hadde forlate dei. Derfor gav han dei løftet om at han ikkje skulle late dei bli att som foreldrelause barn.

I Bibelen får vi høyre om at den som trur på Jesus, er Guds barn. Ikkje berre barn, men barn som er elska. Han ser på deg og meg som verdfull og høgt elska. Han vil ikkje forlate oss åleine, eller gjere oss vonbrotne. Kjærleiken hans er grenselaus. For at vi ikkje skulle vere som foreldrelause barn, sende han Den Heilage Ande til oss som trøystaren og hjelparen vår i livet, gjennom alle dagar og alle slags dagar, vonbrot og nederlag.

Jesus er ikkje lenger på jorda, men han har halde løftet sitt til barna sine. Jesus er saman med oss kvar dag. Vi kan ikkje sjå han, og ikkje alle dagar er det lett å oppleve at han er nær heller. Men han er der – som ein åndeleg røyndom. Han kan kjennast langt borte, men er likevel nær ved. Jesus er i Far sin, vi er i Jesus og Jesus er i oss.

Journalist Liv Huse Olsen.  
KPK – Kristeleg pressekontor

## KYRKJEFERD FOR 75 ÅR SIDAN



Johannes Haugen på 90 års dagen 2.7.2003

Kyrkjeferd for 75 år sidan, kan det vera noko å fortelja om? Jau, for oss som var barn den gongen, var ei kyrkjeferd ei stor oppleving som festa seg i barnesinnet, og gav minne for heile livet.

Tider og skikkar, dei skifter. Det var ikkje berre å ringja etter bil når ein skulle til kyrkje i dei tider då me var born. Nei, då var det med hest og vogn. Kyrkjjeturen måtte førebuaust laurdag. Far stella vogna i stand, såg etter at seletøyet var i orden, likeeins at skorner til hesten sat godt, for det var ofte at hesten lika å springa når me kom ned på storevegen og fleire hestar kom til. Og sjølv sagt måtte den kosta og stellast.

Me borna vart bada og bytt på om kvelden. Dei beste kleda me hadde, måtte mor sjå vel etter om det vanta ein knapp eler noko. Skorner måtte og smyrjast so dei var både mjuke og blanke.

Sundags morgon var me tidleg oppe – det var ingen som forsov seg ein slik dag. Mor måtte mjølka og stella dyra, og far ordna med høysekken åt hesten.

Me borna tykte nok at far somla noko lengje, for me gjekk berre å venta på å koma i veg. Endeleg var me kledde i dei beste kleda me hadde. Sjølv tykte me at me var fine om ikkje alt var i moderne ”snitt”. Nista måtte og mor stella i stand, for turen var lang for oss borna.

Endeleg fekk og mor kledd seg til kyrkjeferd. Ho hadde svart stakk, svart trøye og ”konehuve”. Det var ei svært fin huve med bånd og perlepynt på. Jau, me borna tykte mor var fin når ho hadde fått kyrkjekleda på. So bar det endeleg i veg.

Det var 7 km heime frå til Flatekval der kyrkja står, men der var veg alt det eg minnest. Kan henda Blakka hadde stått i ro ei tid, så ho var litt amper etter å koma i veg. Far måtte sitja med strame taumar. Og betre vart det ikkje når me kom ned på storevegen som dei sa, og det kom hestar frå Fjellanger og Øksendal. Då bar det i veg so småsteinen spratt kring hestehovane. I Lavik kom det endå fleire hestar til, og då bar det endå snøggare i veg, for hestane syntest det var moro å kappspringa. Det var og ein del folk som gjekk. Serleg la me merke til ein høgrest mann med langt heilskjegg og gløgge augo. Det var Anders Lavik. Han hadde vore stortingsmann og ordførar. Og so hadde han stade i brodden for å få bygt kyrkja. Me hadde age for den mannen.

Elles var det mangt etter veggen som feste seg i barnesinnet. Nedanfor Lavik låg det ein diger stein dei kalla Leitesteinen. Den hang utover veggen slik at me kunne ta i den. Me syntest det var litt utriveleg med den steinen.

Nede ved Skordalselva var det plankebru over elva. Det dundra og bura når hestane sprang over. Det minna oss om eventyret om dei tre bukkane Bruse.

Då me svinga om Skarvet ved ungdomshuset, såg me husa på Flatekval, og målet for turen nærma seg – den kvitkalka kyrkja med tårn og spir. Den stod der som eit fast samlemerke for bygdefolket i sorg og glede. Det kom mange hestar både ovanfor og nedanfor bygda og stemde mot kyrkja. Ein del ungdomar kom på sykkel, det syntest me borna var noko rart å sjå. Det var ikkje mange jenter som hadde sykkel men dei fekk sitja på hjå gutane.

Så klang kyrkjeklokkene utover den stille dalen. Mannfolka letta på hatten og helsa dei første klokketonane. ”Han ringjer første gongen no han Andreas”, sa dei til kvarandre. Folka samla seg kring kyrkja. Sume gjekk og såg over gravene til sine kjære. Unggutane at oppå den breide kyrkjegardsmuren og prata. Dei eldre stod i småflokkar og prata og spurde etter nytt. Det kunne vera lenge mellom kvar gong dei møttest, mange av dei, for det var berre 6 gudstenester om året i dei dagar.

Så kjem ein av medhjelparane med ei kanne vatn. ”Det skal vera barnedåp,” sa mor. Dette er Mons Vetlejord, får me vita. Han har langt kvitt heilskjegg. Og der kjem den andre medhjelparen – han Anders Nese. Han har og heilskjegg. Dei går begge inn i sakristiet. Så kjem det ein høg mann med bartar og buskete augebryn under den svarte skyggehova. Det er ringjaren, han Jakob Anders, som dei sa. Han går inn i våpenhuset, og snart kling klokketonane på nytt utover den stille dalen og kallar folket inn til helg og høgtid.

”Han ringjer siste gongen” seier folk og går inn og finn seg plass. Mannfolka på høgre sida, kvinnene og borna på venstre sida – og ungdomen på galleriet. Det er ikkje orgel i kyrkja. Det er klokkaren, Johannes Flatekval – eller Flatekvalskulen som dei sa – som leier songen. Han stig fram i kordøri og les klokkearbøni med klår røyst. Men so tek han opp or lomma si ein rar liten tingest som han slær mot den andre handi si og held den opp mot øyra sitt og lyder. ”Det er tonegaffel”, kviskrar mor, ”han vil høyra kor høg tonen skal vera.” Og so lyder songen under kyrkjekvelven med klokkaren si klare røyst over alle. Det var Landstad salmebok som var bruka, men Eksingedalen kyrkjelyd av ein av dei første kyrkjelydane i landet som tok i bruk ”Nokre Salmar” av Blix. Men ritualet var på riksmål som dei sa, og det bruka presten som var då, Sigurd Osnes, ogso. So me borna skyna vel ikkje so mykje av det han sa. Men eg kan hugsa at eg sa til tante Brita då eg kom heim att frå kyrkja ein gong, at i dag nemnde presten

namnet mitt og alt kyrkjefolket reiste seg! Dette var før eg byrja på skulen, so eg visste vel ikkje at det var evangelisten Johannes presten nemnde.

Etter preika var det barnedåp. Det var gjerne 4-5 born same dag, for det var lenge mellom gudstenestene. Det var både spaning og høgtid når kvinnene, som oftast var i bunad, kom inn i koret med borna, og dei mannlege fadrane stilte seg opp på golvet. Spaninga var sto: Kva var namnet på det og det barnet?

Etter at gudstenesta var slutt, samla folk seg ute på kyrkjegarden, det skulle vera jordfesting på dei som var gravlagde sidan siste gudstenesta, for presten var aldri med i gravferder den tida. Det var for langt å reisa for han det. På gravene stod det ein påle som medhjelparen tok bort. So lydde salmesongen og Guds ord over den stille garden. Og presten kasta tre skuffer jord på gravene. Det var gjerne fleire jordfestingar, og dei næraste samla seg i kring kvar sine graver. Det var vemod og høgtid over stunda, kvar mintest sine kjære, og turka stille bort ei tåre - - -.

So tok folket på heimveg. Men me gjekk bort til bestemor, og snart var me samla kring bordet i den vesle stova hennar. Ho hadde koka kaffi og mor tok fram nista, den smaka godt no. Men me borna sat og såg på den vesle klokka til bestemor. Ho var so fin, og so visste me at ho kunne spela når ho vart opptrekt. So måtte mor trekkja ho opp so me fekk høyra den fine melodien. Jau, dette var eit under, tenk ei klokke som kunne spela!

Men dei vaksne sat og tala med kvarandre om det som hadde hendt sidan sist dei såg kvarandre.

Men no leid det på dag, og me måtte tenkja på heimvegen. Far gjekk etter Blakka, ho var utålmodig no. Ho ville heim att, so me måtte berre koma i vogna snarast råd. Bestemor fylgde oss ut på trappa, der stod ho og stødde seg på staven sin og vinka etter oss so lenge ho såg oss.

Ein gild kyrkjedag var til ende.

Johannes Haugen

# HJELPELØSHET ER EN DYD

”Jeg er litt slått ut for tiden. Jeg er på konstant etterskudd på jobben. Hjemme er de vant til mitt overskudd. Nå er jeg på minussiden og hadde håpet på litt ekstra forståelse fra familien. Men de vil visst bare ha meg som plussvariant. I nedslitt utgave er jeg dårlig selskap.”

Han sa det med ganske små ord, så vidt hørbare. Han var ikke sentimental, men han var skikkelig nedfor. Midt i tristheten merket jeg at han syntes det var godt å få sagt dette, sagt det med ord, rett fram, stille og smertelig. Jeg så med en gang at noe var galt. På enkelte mennesker er det innvendige liv særdeles synlig. De klarer ikke å skjule verken glede eller sorg, det de opplever ligger tjuvt utenpå dem. Men ofte overlates vi til å gjette.

”Hvordan står det til?”

”Takk, ganske bra.”

Noe mer er det ikke alltid så lett å få. Hvis du har en god venn, så ser du når din venn har det vondt. Hvis du selv er en god venn, så gjør du hva du kan for at det kan bli mulig å snakke om dette.

”Jeg er litt slått ut for tiden.”

Så er det slått hull på byllen, verken er kommet ut.

Når et menneske snakker om sine vanskeligheter, om det som gjør vondt, da er prestisjen synkende og kjærligheten på stigende kurs. Ingenting åpner mer for kontakt mellom mennesker enn å avsløre egen svakhet og hjelpeløshet.

Fantes det noen gang et barn som ikke behøvde mor og far? Er det ikke fordi vi merker at barn behøver oss, at vi blir glad i dem, knyttet til dem med utallige kjærlighetsbånd?

Mitt liv er noe verdt når andre er glad i meg og jeg får være glad i noen.

Er du ikke glad i noe annet menneske, så betyr ingenting annet noe særlig heller.

Jeg har i blant observert gamle, rike, ensomme mennesker. Jeg vet ingen som har et tommere liv enn dem. Alle deres gleder forblir små, uansett prislapp.

Hvis du føler deg ensom, så har jeg en snarvei å foreslå tilbake til menneskene: Slutt å skryte. La i stedet et annet menneske få vite noe om hva du sliter med. Hvis noen får vite om dine svakheter, så vil noen bli glad i deg.

Vi har et blindpunkt i vår kultur, nemlig en usvikelig tro på dette: Bare jeg lykkes, så blir de nødt til å elske meg! Bare jeg lykkes med karrieren, så blir familien nødt til å elske meg. Galt, kanskje de ser på jobben som en tyv som har stjålet deg fra dem.

Å gjøre sitt beste, å yte sitt ypperste, å lykkes – alt det er spennende og utfordrende og meningsfylt. Men seiers-pallen er ikke noe aktuelt sted å tilbringe hverdagene. Og tilværelsen består av alminnelige dager sammen med alminnelige mennesker.

*Frå boka*

*”Sint Sant Sunt” av Karsten Isachsen*

## KYRKJEKVELD I DALE KYRKJE

*Onsdag 1.september kl.19.00 kjem prest og forfattar Karsten Isachsen til Dale kyrkje og held sin tale **Gledens kilder.***

*Arrangementet har fri entré. Du kan få kjøpt boka ”Livsglede. En huspostill” etter talen.*

I 1978 debuterte Karsten Isachsen som forfattar med boka *Gjester som ikke vil gå*. Sidan då har han gitt ut 35 bøker i Norge, Sverige., Danmark og Finland, med eit samla opplag for bøker og lydbøker på over ein halv million!

Dei siste 25 åra har Karsten vore mykje på ferde i norsk næringsliv, men samstundes har han halde nesten like mange talar og preiker ved kyrkjelege arrangement. Kvart år vitjar han ei rekke kyrkjer og formidlar tankar frå sin huspostill *Livsglede*.

”Jeg kjenner stor glede ved å ha kirkens prekestol som min sentrale arbeidsplass. Det har vært noen spennende år med forelesninger for næringslivet om kommunikasjon og konfliktløsning. Og min yrkeserfaring som prest har alltid skint igjennom. Men det er kirkens prekestol som står mitt hjerte nærmest. Her kan eg tale om alle menneskelivets sider, med hovudvekt på den åndelige dimensjon,” seier Skurdalspresten.

# SKAL DU TIL UTLANDET I ÅR?

*Svarer du ja på dette spørsmålet, då lyt du ta deg tid til å lese dette tilbudet, for det gjeld alle som skal til utlandet.*

Grunnene er mange. Mange reiser på ferie og andre på langtidsopphald i Syden. Mange ungdommar drar til utlandet for vidare studiar utlandet for vidare studiar. Norsk shipping og industri sender kvart år mange familiar til opphald i utlandet for nokre år. Og tenk på alle norske trailerar som til ein kvar tid køyrer på vegane i Europa. I tillegg kjem sjøfolka våre som framleis kan reknast i tusental. Det er altså stadig veldig mange av våre landsmenn som oppheld seg utanfor landets grensar. Sjømannskyrkja vi vera ein treffstad for alle desse. All erfaring viser at det i praksis også er slik.

Sjømannskyrkjene er ikkje berre kjent for gudstenester, vaflar og kaffi. Ein kan også få dra nytte av den lokalkunnskapen dei tilsette og lokale brukarane har. Det kan vera med på å gjera opphaldet på ein

ukjend stad både kjekkare og lettare. Skulle uhellet vera ute, så er heller ikkje dette ukjent for dei som jobbar på ”Kjerka”. Ved å ha adressene til kyrkjene med på turen, veit ein iallfall ein stad dei snakkar norsk, dersom noko skulle skje.

Ved å kontakta hovudkontoret i Bergen kan de få ein liten foldar med adresser og telefonnummer til alle stadene der Sjømannskyrkja har betjening. Dei har telefon 55 55 22 55 og har kontor i Strandgt. 198. Du kan også gå inn på internett på [www.sjomannskirken.no](http://www.sjomannskirken.no) for å finna meir opplysningar.

God ferie, godt opphald og velkommen innom!  
Sjømannskyrkja vil gjerne vera eit tilbod til **alle** som reiser til utlandet.

## RIPS TIL NORGES SAMEMISJON

*Har du hagen full av rips?*

*Gje oss då eit lite tips.*

*Rips på busk og rips i spann,*

*Begge deler kan gå an.*

Barne- og Ungdomsrådet, Norges Samemisjon, vil også i år selje ripssaft til inntekt for Norges Samemisjon sitt hjelpearbeid på Kolahalvøya, Russland.

Til det treng me rips. Dersom du har rips som du ikkje sjølv skal nytte deg av, vert me svært takksame for å få overta desse bæra. Me kan kome og plukke bæra, men dersom du likar å plukke dei sjølv, tek me også gjerne imot ferdigplukka bær.

Skulle du ha ståande gamle glasflasker som du vil verte kvitt, har me god bruk for slike også.

Kan du hjelpe oss med noko av dette, eller ynskjer du å kjøpe saft av oss til hausten, kan du ta kontakt med Åshild på telefonnummer 991 65 714.

*Takk for bæra som du gir,*

*Vert til hjelp for dei som lir.*

*Bur du mellom by`n og Voss*

*(eller andre stader),*

*Kan du kjøpe saft av oss.*



# KONFIRMANTAR 2004



Foto: Fotograf Gullbrå

## KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 2.MAI

**1.rekke frå venstre:** Ingrid Enger Djukastein, Kristine Jamne Vik, Marilin Dalseid Heimdal, sokneprest Frode Kvamsøe, Heluis Egenberg, Guro Hesjedal Lunde og Julie Seim.

**2.rekke:** Grete Kringlebotten, Cassandra Johnsen Indrebø, Kristine Alvheim, Renate Vik Indrebø, Jenni Kristin Knutsen Aga, Marilen Jørgensen Vågen, Jannicke Sandvik, Lone Birkeland Johansen og Susanne Grenasberg.

**3.rekke:** Fredrik Sellevold, Christian Knutsen, Mons Ole Dyvik Sellevold, Olav Ese Haga, Kristian Ulveseth Fossmark, Eirik Haugland Rørvik, Baste Dyvik Gullbrå, Endre Nottveit, Christer Auro Indrebø, Jonny Boge og Kjetil Knutsen.

**4.rekke:** Filip Rolland Ulveseth, Rune Boge, Rolf André Karstensen, Christian Olsen, Tonny André Tysnes og Harald Hesjedal Kjellevold.



**KONFIRMANT I BERGSDALEN  
31.MAI**



Foto: Jarle Aksnes  
Jostein Bergo og sokneprest Frode Kvamsøe

**KONFIRMANT I EIDSLAND  
KAPELL 25.APRIL**



Foto: Magne Solhaug, Vaksdalposten  
Anja Tyssebotn Mo og sokneprest Frode Kvamsøe



Foto: Fotograf Gullbrå

**KONFIRMANTAR I VAKSDAL KYRKJE 2.MAI**

**1.rekke frå venstre:** Veronica Ekse, Ingvild Jacobsen Erstad, kapellan Edvard Bø, Ingrid Marie Amundsen og Helen Opheim Fanebust.

**2.rekke:** Joakim Olav Boge, Dani Robert Skage Solheim, Øyvind Berge Magnussen, Håkon Svensson Kinsarvik, Sindre Langhelle, Petter Amundsen, Kenneth Arnesen og Kristoffer Solvang Bangfors.



Foto: Kyrkjebladet

## KONFIRMANTAR I STAMNES KYRKJE 9. MAI

1. **rekkje frå venstre:** Siv Marit Stamnes, Helene Farestveit
2. **rekkje:** Merethe Kallestad Hagen, Heidi Berntzen, Stine Kulshamar
3. **rekkje:** Svein Halvor Tøsse, Terje Langeland, Jone Simmenes

# FRÅ VAKSDAL TIL VERDAS TAK

- Vaksdal sitt misjonsengasjement i Nepal

## Misjonærane er på plass!

Det er no over eit halvt år sidan Elisabet F. og Kjartan Gullbrå reiste til Nepal og Kathmandu, saman med borna Ole-Johan og Ingrid Marie. Dei er knytt til arbeidet som Tibetmisjonen driv, i samarbeid med paraplyorganisasjonen United Mission to Nepal. Les gjerne meir om Tibetmisjonen (<http://tibetmisjonen.no/>) og United Mission (<http://www.umn.org.np/>).

## ”Menighet og misjon”

Menighet og misjon er eit samarbeid mellom fleire misjonsorganisasjonar og Den norske kyrkja. Mellom anna vert det inngått samarbeidsavtalar mellom organisasjonane og einskildkyrkelydar. I Vaksdal har fleire sokn slike avtalar med Tibetmisjonen. Eksingedalen og Nesheim har hatt slike avtaler i snart to år, og vil med det fyrste gå igjennom avtalane sine, med tanke på fornying av dei. Vaksdal sokn har nett inngått ein ny avtale, der dei forpliktar seg mellom anna å be for misjonærane, og å samle inn kr. 6000,- pr. år til arbeidet dei driv. Les meir om Menighet og misjon her: <http://www.kirken.no/smm/index.cfm>.

## Misjonsbasar i Bergsdalen

17. april var det basar i Bergsdalen kyrkje, til inntekt for Tibetmisjonen og Kjartan og Elisabeth F. Gullbrå sitt arbeid i Nepal. Frå Tibetmisjonen kom Ragnhild og Tor Skeie, og dei viste film om Tibetmisjonen sitt arbeid, og informerte om misjonsarbeidet i Nepal. Elisabeth sine foreldre, Kjersti og Odd Arild Faugstad,

fortalde frå turen dei hadde i mars, då dei vitja dottera og familien. Det var god oppslutning om basaren, der folk i tillegg til mykje informasjon, fekk servert kaffi og kaker. På åresalet kom det inn 4640 kroner til misjonsprosjektet.

## Misjonsdag på Nesheim

Andre søndag i mai var det familiegudsteneste med misjonspreg i Nesheim kyrkje. Med oss hadde vi Oddny Aspenes. Ho er leiar av Tibetmisjonsgruppa Under paraplyen, som held til i Bergen, og ho har sjølv budd i Nepal. I gudstenesta fortalte ho frå landet, mellom anna frå sitt besøk der i påska. Før kyrkjekaffien lærde ho oss jamvel å synge for maten på nepalesisk! I gudstenesta fekk vi og ei fersk helsing frå misjonærane våre. Dei skreiv mellom anna om uroa i Nepal, der menneske dør i kampene mellom maoistane og regjeringsstyrkane. Sjølv bur dei ein fredeleg del av hovudstaden Kathmandu, og er ikkje direkte råka av det som skjer. Samstundes med kyrkjekaffien var det ein aldri så lite ”marknad” i sakristiet, der ho selde varer frå Nepal. I gudstenesta kom det inn kr. 2420,- i takkoffer til misjonsprosjektet.

## Ferie i Noreg

Familien Gullbrå kjem heim på ferie i sommar. Elisabeth og borna kjem 19. juni, Kjartan om lag ein månad seinare. I slutten av august reiser dei attende. I løpet av ferien skal dei mellom anna vere med på Tibetmisjonen sitt Landsmøte, og i somme av gudstenestane våre her i Vaksdal.

---

## ”Ny” trapp til Bergsdalen kyrkje

Dugnadsviljen og tiltakslysta i Bergsdalen førte til at kyrkja på Lid fekk bygd om kyrkjetrappa i sommar.

Soknerådet stod for gjennomføring av arbeidet, med mange gode hjelparar. Per Småbrekke, Edvard Kleven, Asbjørn Berge og Jan Haldor Hatlestad har delteke.

Trappa vart demontert, forlenga om lag 30 cm frå døra, og bygd opp att med litt lågare trinn.

Dei opphavlege muresteinane vart nytta, og fleire vart henta frå same staden i Bergsdalen. Noko arbeid står att. Det er meininga å lage eit skråplan og rekkverk på den sida som vender mot vegen. Vegen skal rustast opp, og med tida ynskjer soknerådet å få til ein parkeringsplass.

# Nytt orgel på Eidsland.

Informasjon frå Orgelnemnda.

Det nye orgelet i kyrkja på Eidsland har no vore i bruk eit par år. Folk tykkjer det er fint å høyra på dei reine, flotte tonane, og ein treng ikkje lenger engsta seg for at ein skal få radiostøy i gudstenesta, slik tilfellet var med det gamle orgelet.

Mange hadde kanskje venta seg eit meir ruvande byggverk og ein fyldigare lyd då nyeorgelet kom på plass. Det er nok rett at det er noko som manglar, då ein manglar subbass i orgelet, noko som sikkert er kjent for dei fleste. Denne stemma kan byggjast til, og det har orgelnemnda gått inn for i møte etter at orgelet var kome på plass. For i det heile å få eit orgel, våga ein ikkje å ”gapa over meir”i første omgang då orgelet vart tinga.

Orgelnemnda skulle samla inn og yta til kjøpet kr.150 000,-. Dette klarte ein, særleg på grunn av flott innsats av bygdefolket på Eidsland. Pengane vart overført til Kyrkjeleg Fellelsråd, som stod for det formelle ved kjøpet.

Orgelbyggjaren, G.F.Husted, har no kome med tilbod på subbass til orgelet. Prisen vert på **kr.115 000,-** pluss moms. Momsen vil seinare bli refundert.

På kontoen til orgelfondet står det no om lag kr. 71 000,-. Me manglar såleis ca kr. 44 000,- for å gå til innkjøp av subbassen. Orgelnemnda vil prøva å samla inn desse pengane, og vil med anna søkja om kommunal stønad.

Eit nytt prosjekt er at me vil selja brukte orgelpiper til inntekt for subbassen. Orgelnemnda har fått tilbod om å overta ein del av pipene frå gamle-orgelet i Vaksdal kyrkje. Pipene har ein storleik frå 10-50 cm, og kan til dømes brukast som frittstående dekorasjon i heimen, eller som pynt på veggen. Vi vil selja slike piper til ein pris **av kr. 300,-** for dei minste, og **kr. 500,-** for dei største, monterte på plate. Pipene vert selde til både privatpersonar, bedrifter og organisasjonar. No er ynskje vårt at folk vil kjøpa slike ”dekorasjonspiper” både til seg sjølve eller som gåve til andre!

Tinging kan sendast til

**Asbjørn Nese, tlf. 56 59 59 26,** el.

**Frank Møster, tlf. 91 30 18 15.**

Det vert utstilt monterte piper på Nærbutikken på Eidsland, om ein vil sjå desse.

Kanskje vert det og mogleg å sjå monterte piper utstilt i samband med Daledagane. Vi vonar at bygdefolket framleis ser positivt på arbeidet nemnda gjer, og ser fram til å få arbeidet fullført på ein tilfredsstillande måte for kyrkja og bygda vår.

Orgelnemnda,

v/ Frank Møster og Asbjørn Nese.

## Vanskeleg vedlikehald på kyrkjegardane

Kyrkjeverja ynskjer å nemne tre ting som skapar vanskar for kyrkjegardsarbeidarane

- **Glasvasar** som vert sett bak gravsteinane vert gøymte av graset, og vert knust av grasklipparane. Glasbitane kan skade kyrkjegardsarbeidaren, eller verte liggjande i blomebedet til ei nabograv. Hugs og at baksida av gravsteinen vender mot neste rekkje, og det ser ikkje fint ut med vasar og reiskapar bak steinen.
- **Rundsteinar** til pynt rundt plantefeltet ved gravsteinane er ikkje lovleg. Ofte vert det lagt ut slike når grava er ny. Nokre nyttar små rundsteinar rundt blomebedet når gravsteinen er av elvestein eller naturstein. Klipparane vert skadde når dei kjem borti desse steinane.
- **Busker og små tre** skal ikkje vere høgare enn gravsteinen, og ikkje stå på sida av eller bak gravsteinen. Plantane kan verte fjerna av kyrkjegardsbetjeninga utan at festaren vert varsla.



# Nytt frå kyrkjeverja

## Kyrkjegardsdagar

I sommar var det kyrkjegardsdagar på Dale, Flatekval og Nesheim kyrkjegardar.

På Flatekval og Nesheim var frammøtet godt. Gravsteinar vart bolta og retta opp, og kyrkjeverja fekk mange opplysningar om gravsteinar det ikkje var registrert festar for .

Dei frammøtte fekk kaffi og noko å bite i, medan ein hadde høve til å få svar på spørsmål om festeavgifter, rettar og plikter. Astrids Gartneri frå Modalen selde blomar til å plante på gravene, og på Nesheim var i tillegg Vaksdal Blomster og Begravelsesbyrå til stades.

På Dale kyrkjegard møtte nær sagt ingen. Mange har til dels sterke meiningar om vedlikehaldet på den største kyrkjegarden i kommunen, og andre skulle gjerne ha sett etter gravsteinane dei har ansvaret for. Difor var det litt skuffande at dei to dagane som vart nytta ikkje vart som forventa. Kaldt og surt ver hadde nok litt av skulda for manglande interesse. Blåveisen og Vaksdal Blomster og Begravelsesbyrå var til stades delar av dagane.

## Nye takrenner på Bergsdalen kyrkje

Fellesrådet sin fagarbeidar Knut Gunnar Stamnes og Øyvind Vik frå Vaksdal kommune har skifta takrenner på Bergsdalen kyrkje. Den opphavlege takrenna av tre hadde ikkje nedlaup, og takvatn gjorde skade på grunnmuren og plantar som stod inntil kyrkja. Arbeidet kosta om lag kr 35 000,-

## Rekkverk til Dale kyrkje

Ei anonym gåve fører til at det vert rekkverk frå fortauet og opp til kyrkjetrappa framfor Dale kyrkje. Rekkverket er tinga hjå Dale Blikk & Mek. og skal monterast til hausten. Me takkar for gåva.

## Vern av gravsteinar.

Det skal gjerast ei vurdering av gravsteinar eldre enn 60 år med omsyn til freding eller vern. Dette gjeld i fyrste omgang gravsteinar som ikkje er private. Det er få konkrete retningslinjer for vern, og mykje er opp til dei lokale kyrkjegardsmyndigheitene. Nokre få gravsteinar er verna. Eksingedalen sokneråd



har vedteke vern av gravsteinen, eller bautasteinen, til Severin Blindheim. Elles er tre gravsteinar på Stamnes verna, den eine av dei er grava til Størk Leiren.

Kristusfiguren på biletet er vanleg på gravsteinar frå kring 1900 - 1920.

## Stanghelle kyrkjegard, utviding.

Me reknar med å starte opp med dei fyrste grunnarbeida til utviding av Stanghelle kyrkjegard i september. Ny mur langs vegen, leidningar i grunnen og opparbeiding av veg vert prioritert. Muren som måtte fjernast etter utrasing kjem truleg ikkje til å verte sett opp att før seinare i prosjektet. Etter vona vert utvidinga ferdig til sommaren 2005.

Den nedste delen av kyrkjegarden skal hevast med om lag 80 cm etter at det er bygd ny støttemur langs vegen ved jernbanelinja. Difor må gravsteinane takast bort og lagrast til arbeidet vert ferdig. Dette arbeidet vil verte varsla særskild i lokalavisene VaksdalPosten og Hordaland, og med oppslag.

## **Ta ansvar for gravsteinane!**

Ulukker grunna manglande sikring av gravsteinar skal ikkje skje. Det er festaren til ei grav som er ansvarleg for at gravsteinen er i orden, og sikra med boltar mellom gravstein og sokkel..

Kyrkjeverja er pålagt å føre kontroll med dette, og vil leggje ned gravsteinar som står i fare for å velte, eller manglar boltar. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du er usikker på kva tilstand det er på gravsteinar du har ansvar for!





# SLEKTERS GANG

## DØYPTE

### VAKSDAL

23.04 Heidi Langeland Vaksdal  
08.04 Celina Langeland Angeltveit,  
døypd i Ytre Arna kyrkje

### DALE

07.03 Kari Boge Sigurdsson  
04.04 Veronica Simmenes Wiers  
04.04 Oda Hordvik Ulveseth  
30.05 Laura Langhelle  
30.05 Ingeborg Stamnes Bjørnberg  
30.05 Martin Sundheim Østvang

### STAMNES

12.04 Torstein Olai Leiren Mastervik

### EKSINGEDALEN

30.05 Even Nordheim

### NESHEIM

04.04 Frøya Nese Waldron

## VIGDE

### VAKSDAL

24.04 Kristin Straume Normann og  
Torbjørn Audestad  
26.06 Jani Frotveit og  
Wilhelm Tvedt

### DALE

29.05 Frøydis Karlsen og  
Roald Arne Kvamme,  
vigd i Mariakirken i Bergen

## AVLIDNE

### DALE

29.03 Thea Brudvik, f.1904  
31.03 Arnfinn Roald Lilleskare, f.1914  
29.04 Olaug Breistein Garberg, f.1928  
03.05 Elsa Brudvik, f.1931  
19.05 Olly Milde Kvamme, f.1921  
19.05 Gunnlaug Sellevold, f.1917  
03.06 Agnes Skaftun, f. 1915  
21.06 Henrik Rolland, f.1942  
29.06 Kristi Vatle, f.1919

29.06 John Sigmund Hvidsten, f.1938

05.07 Robert Arthur Rødberg, f.1923

### VAKSDAL

17.04 Doris Amundsen, f.1924

18.04 Klara Melcher, f.1916

13.06 Odd Ulevik, f.1928

### STAMNES

01.04 Håvard Knut Tøsse, f.1929

### EIDSLAND

11.05 Margit Nesse, f.1913

13.06 Aslaug Matre Mo, f.1918

20.06 Håvard Wiik, f.1908

## DALEDAGANE 2004

### DALE KYRKJE

#### Open kyrkje

Fredag 19.aug. kl.16.00 – 19.00

Laurdag 20.aug. kl.10.00-17.00

Bibelvandring i opningstida.

Kyrjekonkurranse.

Sal av Jubileumsskrift kr.50,- og kort

#### Stand i Gatå

Fredag kl.16.00-19.00

Laurdag kl.10.00-17.00

#### GOSPEL-.NIGHT

Fredag 19.aug. kl.20.00

#### MUSIKK-ANDAKT

Laurdag 20.aug. kl.10.15 – 10.45

Gjest: Lars Ragnvaldsen

#### SVISKEKONSERT

#### MED ORGEL OG

#### BLOKKFLØYTE

Laurdag 20.aug. kl.14.30 – 15.00

v/kantorane Steinkopf

## **VELKOMMEN TIL KYRKJE**

### **VAKSDAL KYRKJE**

**25.juli kl.20.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Bergen Søndagsskole-  
krets.

**8.aug. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**22.aug. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Tibetmisjonen.

**5.sept. kl.18.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Konfirmantpresentasjon.

**19.sept. kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.

### **DALE**

**1.aug. kl.20.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Nordhordland  
Indremisjon.

**15.aug. kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til De fire Diakoni-institusjonene.

**29.aug. kl.16.00** Sjå Stanghelle!

**12.sept. kl.18.00** Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon. Offer  
til Fagertun leirstad.

**Fredag 17.sept.kl.20.00** Korkonsert med  
Sola Fide frå Fana.

### **STANGHELLE**

**29.aug.kl.16.00** Familiegudsteneste. Bø og  
Kvamsøe. Offer til Bergen Søndagsskole-  
krets.

### **BERGSDALEN**

**12.sept. kl.11.00** Bergsdalsstemna.  
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### **STAMNES**

**25.juli kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Norsk Luthersk  
Misjonssamband.

**22.aug. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Konfirmantpresentasjon. Offer til Norsk  
Lærarakademi.

**5.sept. kl.11.00** Familiegudsteneste.  
Søndagsskulens dag. Kvamsøe. Offer til  
Søndagsskulen på Stamnes og Straume.

### **EIDSLAND**

**1.aug. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Norsk Luthersk  
Misjonssamband.

**12.sept. kl.12.00** Familiegudsteneste i  
samband med konfirmantleir. Kvamsøe.  
Offer til konfirmantarbeidet i kommunen.

### **EKSINGEDALEN**

**18.juli kl.12.00** Dalastemna ved Stora-  
vatnet. Bø.

**8.aug. kl.20.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet.

### **NESHEIM**

**22.aug. kl.16.00** Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Offer til Sjhømannskyrkja.

## **GLEDENS KILDER**

Møt prest og forfatter

**Karsten Isachsen**

Møt en av landets mest  
populære predikanter.

Hør han i Dale kyrkje

**Onsdag 1.sept. kl.19.00**

**Fri entre!**

**”Minns du sången?”**

Grieghallen i Bergen

**Laurdag 11.september**

**kl.16.00 og 19.30**

Norske og svenske artistar med  
songar frå vår felles songskatt.

Billettprisar : 260,- 285,- + AVG.

**KOR-KONSERT**

**I DALE KYRKJE**

**Fredag 17.sept. kl.20.00**

**SOLA FIDE** (Blandakor frå Fana)